



Bjørnefjorden
landbrukskontor
Fusa
Tysnes
Os
Samnanger

Sakshandsamar: Siren Tømmerbakke
Arkivsaksnr: 18/221
Journalpostnr: 18/1643

SAKSFRAMLEGG

GBNR 8/2 Handsaming av søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom 1242 - Hisdal Ytre - Erik Nagel og Cecilie K. Nagel

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev Erik Nagel og Cecilie K. Nagel konsesjon for kjøp av landbrukseigedomen 8/2 Hisdal Ytre i Samnanger.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova §1og § 9.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Naturutvalet i Samnanger kommune.

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka.

Faktiske opplysningar:

Erik Nagel og Cecilie K. Nagel har søkt om konsesjon for å kjøpe gnr. 8/2 Hisdal Ytre, Samnangervegen 231, i Samnanger kommune,

Eigedomen har i følge gardskartet (kjelde: nibio.no): 26 dekar fulldyrka jord 0,3 dekar overflatedyrka jord, 1,9 dekar innmarksbeite, 278,6 dekar produktiv skog 113,5 dekar anna markslag. Tilsaman 420,4 dekar.

Det er tre bygningar på eigedomen: Bustadhus frå 1982, uthus med ukjent byggeår og garasje, også denne med ukjent byggeår.

Bustadhuset er fornya i 2013-2015. Det er ikkje driftsbygning på eigedomen, den vart rive etter at drifta på garden vart lagt ned på 1970-talet.

Det er ikkje utarbeida skogbruksplan for eigedomen, men ei kartlegging av skogen vart gjort kring 1999. Skogen på eigedomen er furu, lauv og nokre felt med planta skog som truleg vil vere hogstmoden om 10 til 15 år. Storparten av skogarealet med særskilt høg bonitet ligg i området kring Akselskaret i felt utan vegtilkomst.

Det har ikkje vore sjølvstendig drift på bruket sidan 1970-talet. Delar av areala treng grøftast. Søkjarane skriv at dei ynskjer å halde jorda og skogen ved like. Dei bur i dag i nabokommunen Os, men vi selje bustaden dei har der, og busetje seg på landbrukseigedomen. Dei er svært interessert i friluftsliv og vil ta opp igjen gardsdrifta på bruket. Dei vil ha noko husdyrhald og nytte dyrka areal til jordbruksdrift for sjølvforsyning.

Kjøpesummen er kr 4 000 000,- + kr 50 000,- for lausøre.

Vurdering:

§ 9. i konsesjonslova seier:

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det legges særlig vekt på:

- 1. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,*
- 2. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning,*
- 3. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,*
- 4. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.*

Kjøpesummen er 4 000 000,-

Det vart 21.juni 2017 gjort endringar i konsesjonslova. Endringane inneber at arealgrensa for konsesjonsplikt, priskontroll og buplikt på bygd eigedom (§ 4 første ledd nr. 4, § 5 andre ledd og § 9 a) knytt til fulldyrka og overflatedyrka jord er heva frå 25 dekar til 35 dekar .

GBNR 2/8 Hisdal ytre er ikkje over grensa på 35 dekar fulldyrka /overflatedyrka jord eller 500 dekar produktiv skog. Ved erverv av bygd eigedom under denne grensa skal det ikkje gjennomførast priskontroll i handsaminga av konsesjonssøknaden.

Erik Nagel og Cecilie K. Nagel skal busetje seg på eigedomen, og har på søknadsskjema forplikta seg til å busetje seg på eigedomen innan eitt år og bu sjølv på eigedomen i minst fem år samanhengande.

For å oppfylle driveplikta må eigarane drive jorda sjølv, eller leige ut areala til andre som ynskjer å drive. Det er ikkje driftsbygning på garden i dag, og delar av dei dyrka areala er i dårleg stand etter å ha vore ute av drift i fleire år. Søkjarane vil ha noko husdyr og drive bruket med tanke på å vere sjølvforsynte med jordbruksvarer. Dette vil vere ei god driftsmessig løysing som fører til at dyrka areal vert halde i hevd.

Søkjarane har erfaring med jord-, hagebruk og jakt på hobbybasis. Dei har eit godt nettverk i omgangskretsen som driv med husdyrhald. Dei har difor gode føresetnadar for å tileigne seg den kompetansen som er naudsynt for å drive eigedomen. Landbrukskontoret meiner dei er godt skikka til å drive eigedomen.

Ervervet vil etter landbrukskontoret si vurdering ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

§ 1. i konsesjonslova seier:

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

- 1. framtidige generasjoners behov.*
- 2. landbruksnæringen.*

3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsjnteresser.
5. hensynet til bosettingen.

Ervervet av egedommen oppfyller formålet til lova vist i § 1. At nye eigarar buset seg på egedomen og tek opp att drifta, er med og sikrar omsynet til framtidige generasjonar sitt behov, landbruksnæringa, busetjing og miljø.

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Øystein Svalheim
einingsleiar

Siren Tømmerbakke
landbrukskonsulent

Vedlegg:
GBNR 8/2 - Søknad om konsesjon

1372202

13.02.2018